


GJERDE OG LEVEGG

Send søknaden til:

Skodje kommune
Teknisk avdeling
6260 SKODJE

postmottak@skodje.kommune.no



Definisjonar:

- Gjerde:** Innhegning med enkle, lette konstruksjonar som skal hindre ferdsel, til dømes flettverksgjerde eller andre gjerde som ikkje er tette. Opne delar bør utgjere minst 50 % av konstruksjonen.
- Levegg:** Tett skjerm / konstruksjon som skal hindre innsyn, skjerme mot støy, vind, lyd eller liknande.

Kva slags gjerde og leveggar er søknadspliktige og kva typar er unntatt frå søknadsplikt?

Når du skal setje opp gjerde eller levegg er det tre ulike kategoriar som er aktuelle. Avhengig av plasseringa av gjerdet / leveggen, utforming, maksimal høgde over terrenget og avstand til eigedomsgrense, kan det vere at du:

1. Kan bygge utan å sökje (altså ikkje søknadspliktig).
2. Må sökje, men kan som tiltakshavar (tiltakshavar = byggherre / du som skal bygge) sjølv vere ansvarleg for søknaden og byggearbeida.
3. Må sökje og søknaden må sendast inn av føretak som tar på seg ansvar som ansvarleg søker, eventuelt av tiltakshavar med ansvarsrett som sjølvbyggjar etter forskrift om byggesak (SAK10) § 6-8. Prosjektering og utføring må gjerast av føretak som tar på seg ansvar som høvesvis ansvarleg prosjekterande og ansvarleg utførande, eventuelt sjølvbyggjar med ansvarsrett for dette. Eventuell kontroll må bli gjort av føretak som tar på seg ansvar for kontroll. Alle føretak som tar på seg ansvar må oppfylle krav til kvalitetssikring jf SAK10 kapittel 10 og krav til utdanning og praksis jf SAK10 kapittel 11.

Her er tre tabellar med meir informasjon om dei ulike kategoriane:

1. Ikkje søknadspliktig etter <u>plan- og bygningsloven (tbl) § 20-5 e og g og SAK10 § 4-1 e nr. 1 og 3:</u>	
Kva type gjerde og leveggar gjeld dette for?	Kven er ansvarleg for kva?
Gjerde mot nabo	<p>Gjerde mot nabo kjem inn under føresegnene i plan-og bygningsloven berre når det er gitt føresegner om det i arealplan, som til dømes i kommunepalanen sin arealdel eller reguleringsplan.</p> <p>Dersom gjerde mot nabo ikkje er nemnt i arealplan for eigedomen, kan du setje opp gjerde utan å sökje.</p> <p>Høgde inntil 1,5 m over terreng er akseptabelt i dei fleste tilfelle.</p> <p>Privatrettslege reglar du må ta omsyn til finn du i <u>lov om grannegjerde og naboloven</u>.</p>
Gjerde (innhegning) mot veg med enkle, lette konstruksjonar med høgde inntil 1,5 m. Gjerdet må ikkje hindre sikta i frisiktsoner mot veg.	<p>Du kan setje opp gjerde mot veg utan søknad, dersom ikkje anna er bestemt i arealplan, som til dømes kommunepalanen sin arealdel eller reguleringsplan. Ta gjerne kontakt med kommunen for å avklare nærmare om gjerdet du skal setje opp er søknadspliktig.</p>

GJERDE OG LEVEGG

(Sjå <u>SAK10 § 4-1 e nr. 3</u>)	<p>Du er sjølv ansvarleg for at tiltaket (tiltaket = det du skal bygge) følgjer føresegnehene i <u>plan- og bygningsloven</u> med tilhøyrande forskrifter, arealplanar, og andre løye.</p> <p>Grensepåvising kan vere aktuelt då det er viktig at gjerde mot veg ikkje blir plassert utanfor eigedomsgrensa. Du kan bestille grensepåvising hos kommunen.</p> <p>Du bør samarbeide med naboane dine om utføringa, slik at fleire gjerde langs samme veg blir tilpassa kvarandre.</p> <p>Hugs at gjerde mot veg må vere utforma slik at det tåler trykket frå vanleg vegvedlikehald, som til dømes snøbrøyting.</p>
<ul style="list-style-type: none"> • Levegg (skjermvegg) med høgde inntil 1,8 m og lengde inntil 10,0 m. Avstand til nabogrense må vere minst 1,0 m. • Levegg (skjermvegg) med høgde inntil 1,8 m og lengde inntil 5,0 m kan bli plassert inntil nabogrense. <p>Leveggen kan i begge tilfella vere frittståande eller bunde sammen med bygning.</p> <p>(Sjå <u>SAK10 § 4-1 e nr. 1 og 2</u>):</p>	<p>Du kan setje opp leveggar av denne typen utan å søkje, dersom ikkje anna er bestemt i arealplan, som til dømes kommuneplanen sin arealdel eller reguleringsplan.</p> <p>Hugs at leveggen ikkje på noko punkt kan vere høgare enn 1,8 meter over terrenget.</p> <p>Skilje mellom seksjonar i rekkjehus, der seksjonane er delar av same eigedom, blir ikkje rekna som nabogrense. Leveggen kan derfor setjast opp i skiljet mellom seksjonane.</p> <p>Du er sjølv ansvarleg for at leveggen følgjer føresegnehene i <u>plan- og bygningsloven</u> med tilhøyrande forskrifter, arealplanar som kommuneplanen sin arealdel og reguleringsplan, og andre løye. Leveggen må heller ikkje kome i strid med andre regelverk, som til dømes avstands- og avkøyningsreglane i vegloven eller byggeforskriften etter <u>jernbaneloven</u>.</p> <p>Hugs at du må bygge leveggen slik at krava til konstruksjonstryggleik blir følgd.</p> <p>Vi tilrår at du informerer naboane dine før du begynner å bygge.</p>

ByggSøk

Dersom du skal setje opp gjerde eller levegg som er søknadspliktig, tilrår vi at du sender elektronisk søknad gjennom ByggSøk-bygning (www.byggsok.no). Systemet er gratis og nettbasert, og du får rettleiing om utfyllinga underveis. Ved å bruke ByggSøk får du på same tid ein kvalitetskontroll av søknaden. Mange kommunar har redusert gebyr for søknader som blir sende inn via ByggSøk.

2. Søknadspliktige tiltak som du som <u>tiltakshavar</u> kan vere ansvarleg for sjølv etter § 20-4 i plan- og bygningsloven og <u>SAK10 § 3-1</u> :	
Kva slags gjerde og leveggar gjeld dette for?	Kven er ansvarleg for kva?
<p>Andre gjerde (tette, «tunge» gjerde) og andre leveggar enn dei som er nemnt i tabell 1, og som etter kommunen si vurdering kjem inn under føresegna i <u>pbl §20-4 e)</u> «andre mindre tiltak som etter kommunens skjønn kan forestås av tiltakshaver».</p>	<p>Dersom kommunen vurderer at det du skal gjere kjem inn under denne føresegna, kan du som <u>tiltakshavar</u> sende inn søknaden sjølv. Du er då ansvarleg for at tiltaket følgjer føresegnehene i <u>plan- og bygningsloven</u> med tilhøyrande forskrifter, arealplanar som for eksempel kommuneplanen sin arealdel og reguleringsplan, og andre løye.</p> <p>Kommunen kan føre <u>tilsyn</u> og be om at du mellom anna dokumenterer korleis krava i <u>byggteknisk forskrift (TEK17)</u> blir følgde opp.</p>

GJERDE OG LEVEGG

Kva gjerde og leveggar du kan søkje om sjølv som <u>tiltakshavar</u> må du altså avklare med kommunen. Enkelte kommunar har retningslinjer for dette.	
--	--

Send inn søknaden i eitt eksemplar. Ifølgje SAK10 § 5-4 skal han innehalde:

Søknadsblankett	nr. 5153*
Kvittering for nabovarsel og Opplysningar gjeve i nabovarsel. Naboar og gjenbuarar skal bli varsla. Dersom det blir søkt om dispensasjon, må det bli varsla særskilt om dette. Du må ikkje sende søknaden til kommunen før frist for nabomerknader har gått ut. Du finn meir informasjon i informasjonsarket «Nabovarsel –innhald og varslingsmåtar».	nr. 5155 og 5156
Eventuelle merknader frå naboar , med forklaring på korleis desse eventuelt er tatt omsyn til.	
Situasjonsplan. Kartet må vere av ny dato, og du kan bestille det hos kommunen. Du må markere plasseringa av gjerdet/leveggen med farge på kartet, og setje måla på avstandar. Du finn meir informasjon i informasjonsarket «Situasjonsplan – kva krevst?»	
Teikningar i målestokk, t.d. 1:100, eller skisse. Teikningar må vise høgde og utføring. Du finn meir informasjon i informasjonsarket «Teikningar – kva krevst?»	
Eventuelt søknad om dispensasjon *. Er søknaden avhengig av dispensasjon frå plangrunnlaget eller andre regelverk, er det krav om grunngitt søknad etter § 19-1 i plan- og bygningsloven. Du finn meir informasjon i informasjonsarket «Dispensasjon»	

* Ikke aktuelt som eige vedlegg ved bruk av ByggSøk-bygning

Dei firesifra nummera til høgre i tabellen viser til blankettnumeret for bygesaksblanketten som du finn på Direktoratet for Byggkvalitet sine sider.

3. Søknadspliktige tiltak med krav om ansvarlege føretak etter plan- og bygningsloven § 20-3:

Kva slags gjerde og leveggar gjeld dette for?	Kven er ansvarleg for kva?
Andre gjerde (tette, ”tunge” gjerde) og andre leveggar enn dei som er nemnt i tabell 1 og 2. Døme på slike konstruksjonar er store tunge leveggar, skjermvegg eller innhegning som også er støyskerm.	Søknad skal sendast inn av føretak som tar på seg ansvar som <u>ansvarleg søker</u> , eventuelt av tiltakshavar med ansvarsrett som <u>sjølvbyggjar</u> . At du skal kunne bli godkjent som sjølvbyggjar, krev at du har nødvendig kompetanse sjølv, eller at du knyt til deg nokon med slik kunnskap.

Send inn søknaden i eitt eksemplar. Ifølgje SAK10 § 5-4 skal han innehalde:

Søknadsblankett , inkludert erklæring om ansvarsrett for søker	nr. 5174* og 5175*, ev. 5184* og 5187*
Kvittering for nabovarsel og Opplysningar gitt i nabovarsel. Naboar og gjenbuarar skal bli varsla. Dersom det blir søkt om dispensasjon, må det bli varsla særskilt om dette. Du kan ikkje sende søknaden til kommunen før frist for nabomerknader har gått ut. Du finn meir informasjon i informasjonsarket «Nabovarsel –innhald og varslingsmåtar».	nr. 5155 og 5156
Eventuelle merknader frå naboar , med forklaring på korleis desse eventuelt er tatt omsyn til.	
Situasjonsplan. Kartet må vere av ny dato, og du kan bestille det hos kommunen. Du må markere plasseringa av gjerdet/leveggen med farge på kartet, og måla på avstandar må vere sett. Du finn meir informasjon i informasjonsarket «Situasjonsplan – kva krevst?»	
Teikningar i målestokk, t.d. 1:100, eller skisse. Teikningar må vise høgde og utføring. Du finner meir informasjon i informasjonsarket «Teikningar – kva krevst?»	
Gjennomføringsplan med oversyn over ansvarsområde inndelt i godkjenningsområde og etter tiltaksklassar, kontrollområde, ansvarlege føretak og gjennomføring av oppgåvane.	nr. 5185*
Erklæring om ansvarsrett for prosjekterande, utførande og eventuelt kontrollerande	nr. 5181* og ev. 5184* og 5187*
Eventuelle uttalar og avgjerder frå andre styresmakter som nemnt i <u>SAK10 § 6-2</u> (vegstyresmakt osb.)	
Eventuelt søknad om dispensasjon *. Er søknaden avhengig av dispensasjon frå plangrunnlaget eller andre regelverk, er det krav om grunngitt søknad etter § 19-1 i plan- og bygningsloven og <u>byggeteknisk forskrift (TEK 17)</u> § 6-4. Du finn meir informasjon i informasjonsarket «Dispensasjon».	

* Ikke aktuelt som eige vedlegg ved bruk av ByggSøk-bygning

Dei firesifra nummera til høgre i tabellen viser til blankettnumeret for bygesaksblanketten som du finn på Direktoratet for Byggkvalitet sine sider.

GJERDE OG LEVEGG

sider.

GJERDE OG LEVEGG

Når kan du begynne å byggje?

Om gjerdet eller leveggen du skal byggje ikke er søknadspliktig, kan du begynne å byggje med ein gong du har avklara at vilkåra for unntak frå søknadsplikt er oppfylte.

Om gjerdet eller leveggen du skal byggje er søknadspliktig kan du begynne å byggje tre veker etter at kommunen har mottatt søknaden, dersom desse vilkåra er oppfylte etter § 21-7 i plan- og bygningsloven:

- Søknaden er komplett, det vil seie at han inneholder all nødvendig informasjon
- Oppføring av gjerdet eller leveggen er i samsvar med gitte føresegner eller i medhald av pbl (er i samsvar med arealplan eller dispensasjon er innhenta på førhand).
- Det er ikke nødvendig med ytterlegare løyve, samtykke eller uttale frå annan ansvarleg instans etter SAK10 § 6-2.
- Det ligg ikke føre merknader frå naboor ^{*)}
- Kommunen har ikke gitt deg melding om forlenga frist for sakshandsaminga etter SAK10 § 7-3.

^{*)} Dette vilkåret gjeld ikke dersom gjerdet eller leveggen er slik at du etter kommunen si vurdering sjølv kan søke utan å bruke ansvarlege føretak. Sjå tabell 2 og pbl § 21-7 tredje ledd.

Er ikke desse vilkåra fylte, må du vente med å byggje til du har fått skriftleg løyve frå kommunen. Kommunen har då frist på 12 veker til å gi deg svar. Sjå pbl § 21-7.

Når søknadspliktig gjerde / levegg er ferdig bygd, skal du som tiltakshavar / ansvarleg søker be kommunen om ferdigattest.